



Thor Inge Døssland tek imot tingingar på Gausvik-boka medan Guri Eide og Eva Myklebust sel lodd for helselaget i bakgrunnen. Dei tre sit på den mest strategiske plass i bygda! (Foto. Ola Matti Mathisen)

**Kvar finn du den mest strategiske plassen i Uskedalen viss du vil ha kontakt med mange på stutt tid – anten det er for å selja lodd eller berre prata? Svaret er enkelt: Hos Spar på Sanden – eller nærare bestemt ved dei to borda i kroken til høgre når du kjem inn i butikken.**

Denne mest brukte møteplassen i bygda er ein fulltreffar frå einkvar synsstad. Det er også staden du skal prioritera viss du har ein plakart som bør bli sett av så mange som mogeleg. Og mykje tyder på at fredag er ein spesielt god dag for strtagisk satsing på Sanden, for da er mange innom for å handle til helga og i humør til å spandera ein ekstraslant på gode føremål.



Gausvik-boka, som kjem i mai.

Dette med fredagen kan mellom andre helselaget til fulle bekrefte. Sist fredag starta dei førehands-salet av lodd til den tradisjonelle basaren som dette året skal avviklast på Helgheim på måndagskvelden og som ein ventar skal gje godt over 20.000 kroner også dette året (22.180 i fjor) Denne dagen kom det inn meir enn 6.000 kroner på dei åtte timane helselagsdamene sat i butikken.

Og då uskedalen.no var innom etter seks timar denne fredagen, hadde dei passert 4.000. Dei var med andre ord nesten halvvegs til målet! Men så hadde dei mange fine gevinstar laga av helselagsmedlemene sjølve å frista med: Dokke med ein imponerande garderobe laga av Berit Harriet Døssland, sengeteppe, panne, pledd, dukar, puter, sengesett, tursekk, koppar, løparar og lampe – for å nemne noko.

Helselagsdamene fekk utpå ettermiddagen triveleg selskap av ein bokseljar og det vart slett ikkje grunnlag for

konflikt mellom dei – for dei starta med å kjøpa av kvarandre!

Bokseljaren var Thor Inge Døssland, som førehandsselde boka "Det droplar og dryp" som uskedelingen Olaf Agnar Gausvik kjem ut med i mai.

Gausvik har heilt frå unge år sysla med skrivning. Det har vore alt frå limerickar til Søndagsposten, småvers og viser for lokalavisa, prologar til høgtider og jubileumskrift til lag i Uskedalen. I to år var han til og med bladfyk i Kvinnheringen og markerte seg skikkeleg med agurknytt, men ei nyoppretta stilling som sosiallærer førde pedagogen tilbake til skuleverket.

I 1999 gjorde han sørlending av seg,

Når han no endeleg bokdebuterar, skjer det med svært mykje av det Olaf Agnar har skrive til nå.

Det er altså ikkje noko einsarta bok.

- Men det er slik vi menneskje møter livet, seier Olaf Agnar, som i den andre del av boka presenterar "nokre av mine store og små stjernestopp". Med det viser han til nemninga som vart brukt i dei gamle rutehefta til HSD.

Uskedelingen Gausvik vil ha ein svært god marknad i Uskedalen. Det kan Thor Inge skriva under på. På dei to første timane han sat i butikken og tok i mot tingingar vart det tinga 30 bøker.

Av Ola Matti Mathisen



Guri Eide og Eva Myklebust har all grunn til å vera fornøgde med salet. (Foto: Ola Matti Mathisen)